

Guidemanus for Lomsgarden.

Søren Hald. 2012ⁱ


Innhold

Lomsgarden på Lom Bygdemuseum.....	2
Tunplan for Lomsgarden.....	3
Inntunet. Bolighusene.....	3
Glømsdalsstugu.....	3
Olavstugu.....	7
Stabbura og aurbuloftet.....	8
Stallen.....	10
Uttunet på Lomgarden.....	11
Fenadfjøset.....	11
Småkrytyrfjøset og grishus.....	13
Låven	13
Eldhuset.....	14
Tørstugu.....	15
Smiu.....	16
Kvernhuset.....	16

Lomsgarden på Lom Bygdemuseum.

Lomsgarden syner ein typisk gard i Lom på 17- 1800-talet. Den har 12 hus, men det var ellers ikkje uvanleg at en gard i Gudbrandsdalen hadde det dobbelte antall hus eller mer.

Som i Lomgarden var husene tradisjonelt plassert rundt to tun: *inntunet* der bolighus og hus til oppbevaring av mat og eiendeler stod og *uttunet* der alle de forskjellige hus til dyr og før stod. På uttunet noe borte fra alle andre hus fantes hus der det ble brukt ild: ildhus, smie og tørrstuguⁱⁱ.



Lomsgarden

Tunplan for Lomsgarden på Lom BM

Tunplan for Lomsgarden.

Inntunet:

- Bolighus: innhuset (Glømsdalsstugu), fø 'rådsstugu/kårstugu (Olavsstugu),
- Forrådshusa/oppbevaringshus for mat og eiendeler: 2 stabbur og 1 aurbuloft
- Stallen (for hester).

Stallen er plassert mellom gardsplassen/inntun og nautgarden/uttun med døra inn mot gardsplassen, slik det var lettare å halde auge med stallen natterstid.. Det var dessutan snøgt å nå dyra når dei skulle forast om morgonen. Hestane var dei fyrste som fekk mat, slik at dei fekk god tid til å eta før fyrste arbeidsøkta tok til.

Uttunet:

- Fenadfjøset og Låvenⁱⁱⁱ.
- Eldhuset, smiu og tørstugu er plassert lenger unna, bak gardsplassen, slik skikken var. Husa vart plassert slik fordi dei førde med seg stor brannfare.

Kvernhuset. Bekkekverna høyrer og med på ein gard av denne storleiken.

Inntunet. Bolighusene.

Glømsdalsstugu.

Vi vet ikke med sikkerhet når huset ble bygd. Men årstallet 1761 står på beslaget på stugudøra^{iv} og på en av tømmerstokkene til venstre for inngangsdøren. Stugu vart freda i 1923 og flytt frå Glømsdal åt Presthaugen i 1944. På Lomsgarden er huset sett opp som hugubygning. Muren under er ikkje original, men huset stod på ein liknande mur av naturstein på Glømsdal^v.



Bygget er laftet^{vi} med tømmerstokker av, sannsynligvis, malmfur^{vii}. Malmfur er et særlig hardt og langtidsholdbart treslag. For å få malmfur skar man på et tidspunkt i treets vekst toppen av. Veksten ble deretter langsommere og treet vokste nå bare i bredden^{viii}. Avskæringen av tretoppen satte i tillegg en naturlig prosess i gang: harpiksen i treet stoppet til porene i midten av treet slik det ble dannet en mørk kjerne som forsterket furua og ga det en naturlig impregnering.

Huset har ikkje den vanlege svala, inngangen går gjennom ei lita forstugu ved sida av eine kleva'n. Det spesielle med denne stugu er at døra er plassert på gavlveggen, vi har ikkje skorsteinen rett imot når vi kjem inn.


Elles har huset dei vanlege romma etter den akershusiske rominnndelinga. Fyrste høgda er delt i to rom, stugu og ein kleva som er delt i to mindre rom. Frå svala kjem vi inn i det største rommet, stugu eller framme.

Det andre rommet er delt i to med ein bordvegg. Det eine er vasskleva 'n, eller svartkleva 'n/sutlkleva 'n, som han og blir kalla. Vasskleva'n har ikkje glas, dette er og uvanleg. Det andre er vetrkleva 'n eller sengjekleva 'n/penkleva 'n. Rominndelinga i andre høgda er slik som det var vanleg å gjera på den tida Glømsdalsstugu var bygd, to rom ved sida av kvarandre med inngang åt både frå svala.

Hvordan er stugu møblert?

Stugu er møblert som det var vanleg på 1800-tallet.

- Stugubordet^{ix} med langbenken og bordkrakken (bordkrakken er den benken som står framfor bordet) står ved gavlveggen med høgsæte og rosåpet diagonalt overfor skorsteinen. I høgsæte hadde bonden plassen sin, og gardguten satt ofte ved sida av far sin. Rosåpet var det bonden som rådde over.
- Ved langveggen, ved sida av høgsæte, er stuguklukka og stuguskåpet plassert^x.
- Mellom stuguskåpet og utdøra stod blandstampbenken. Stampen med blande, ei drikke av mysu og vatn, hadde fast plass her. Alle som kom inn kunne ta ausa og ta ein slurk blande.
- Handklekastet, bostkastet, heng mellom utdøra og døra til vass-kleva'n
- I hjørnet diagonalt overfor utdøra var det ofte plassert ei seng,



1. Opprinnelig sendeplass. 2. Peis. 3 Høgsæte. 4. Klokke. 5. Framskap. 6. Blandstampbenk. 7. Håndklekast. 8. Sengeklev. 9. Sengeplass. 10. Vassklev.

Skorsteinen (peisen) i Glømsdalsstugu.

Skorsteinen er av kleberstein, noko det var god tilgang på i dalen. Brotet der det vart teke ut mest var ved Bårstad på Lalm. Bårstadbrotet var i drift inn til for nokre år sidan^{xii}. Kleberen vart brukt til mange ting; kljåstein til vevvrenninga (stein som held renninga stram), fiskegarnsøkkjer, gravvsteinar og gryter. Mange skorsteinar har rikt dekorerte vangar, for kleberen er svært lett å skjera i. Skorsteinen var på andre plasser ofte plassert fritt på golvet, og det vart da plass til ei seng bak han. Dette var varmaste sengjeplassen i heile huset.

Taket og glassposter i Glømsdalsstugu.

Saman med taket er glaspostane spesielle, det var ikkje vanleg å dekorere romma slik^{xiii}.

Taket i stugu er spesielt, det har pyramideform, og det er utskorne bølgjelister langs veggene. Midt i taket er det ein svært vakker dekorasjon i akantusskurd.

Hva ble stuen brukta til? Hvor og hvordan kokte man maten?

Stugu, framme, vart brukta til kjøken, arbeidsrom, opphaldsrom og soverom. Alt innearbeidet vart gjort i dette rommet.

All maten vart laga i skorsteinen. Kokekar av kleber, malm eller jarn stod på grytstetten eller hang i skjerdinga over elden. Hengjeskjerdinga er truleg gammare enn vindskjerdinga. Mjøllaupen^{xiv}, mjølgeraldet med grautmjølet hadde fast plass ved sida av skorsteinen.

Dei gjorde opp eld med stål, flint og knusk. Knusken var laga av ein sopp som voks på trea. Soppen vart luta, vatna og tørka godt til slutt.

Om kvelden kara dei oske over glørne, og dei heldt seg da til morgons. Slokna varmen, og det var travaleg å gjera opp, kunne dei låne varme hjå grannane. Dei bar glørne i ei glopanne. Det var ei jampanne med lokk og med mange hol i, slik at det vart lufttrekk. Fystikka vart truleg vanleg frå 1860-70-åra.



Glopanne. LBY0467.



Glopanne. LBY 0466



Mjøllaup LBY 0052

Fra slutten på 1800-tallet ble peisen som matlagingssted gradvis erstattet av vedkomfyren^{xiv}. Vedfyring til matlaging ble gradvist erstattet fra 1940 av Elektrisitet^{xv}.

Hva ble vasskleva'n i Glømsdalssugu brukta til?

Vasskleva'n/ vart brukt som oppbevaringssrom. Her stod maten på hyller langs veggene, samt koppar og kar som det var bruk for i det daglege arbeidet. Var separatoren^{xvi} plassert inne, stod han og i

vasskleva'n. Nøtlvatnet kunne og stå her. Vatnet vart bore inn med vasssela og bytter med vatn vart kalla eit vasskjørel.



Separator. LBY 0794



Vannsele. Foto Bjerkebek

Vasskleva'n kunne også bli brukt som føderom. Utanom den fødande var det berre nerkonno (jordmora) som fekk komme inn dit når det var ein fødsel på gang. For å verne den nyfødde mot vonde makter vart det brukt stål (stål i ei lomme i reiva), varme (dei gjekk rundt senga med eld på ei stikke) og gudsord (blad frå ei salmebok innmed kleda). Den nyfødde skulle heller ikkje under berr himmil før hanlho var kristna (døypt).

Hva ble sengekleven i Glømsdalssugu brukt til?

Sengjekleva'n vart brukt til sengjerom. Om sommaren hende det at sjølvfolket flytte på loftet og lå der. Da vart kleva'n stelt og pynta opp til stugu. Framandfolket som kom til gards vart da bede på kleva'n (penkleva'n). I Glømsdalsstugu blir sengkleva'n kalla Rosekleva'n. Det kjem truleg av sjablonmålinga som taket og veggene er dekorerte med^{xvii}.



Sengekleven i Glømsdalsstugu

Historier om Glømsdalsstugu

Glømsdalsbonden var på Graffer og skulle mæle stugu der. Da Glømsdalsbonden hadde teke dei måla han skulle ha, vart han bede inn på traktering. Målestaven sette han att ute. Medan han fekk traktering, var det ein av tenarane til Graffersbonden som kappa av noko av målestaven. Glømsdalsstugu vart såleis noko mindre enn Graffersstugu.

Ei segn fortel at Glømsdalsbonden hadde mykje sylvdalar. Da stugu vart sett opp vart det lagt sylvdalar saman med måsån i veggjefara, tett i tett, har det vore fortalt. Simen Kolden og Ola Glømsdal var med og reiv stugu da ho skulle flyttast.

Olavstugu.

Når ble Olavsstugu bygd?

Det har ikke vært mulig å fatslå et eksakt byggeår for huset. Det kan dog slås fast at den nedre grensen for tømmerets fellingsår er 1607 og den øvre grensen ligger ikke tidligere enn 1650^{xviii}. Så, sannsynligvis er huset bygd et sted mellom 1607 og 1650^{xxix}.

Hvorfor heter huset Olavsstugu?

At huset blir kalt Olavsstugu har opprinnelse i sagnet om kong Olav Haraldsson, seinare Heilag Olav. Det forteller at da Olav før gjennom dalen på kristningsferd i 1021, overnatta han fem netter i denne stugu^{xx}.

Stugu stod på nordistugu Synstnes fram til 1838 da ho vart flytt åt Ekre, ein gard i same grenda. I 1921 kjøpte norskamerikanaren pastor L.P. Torekveen stugu og gav ho åt Lom kommune^{xxi}.

Huset ble freda i 1923, vart flytt åt Preshaugen i 1944 og sett opp som fø 'rådsstugu (kårstugu) på Lomsgarden.




Olavstugu slik ho såg ut i Ekre i 1927.

Hvordan er Olavsstugu innredet?

Stugu har den klassiske akershusiske rominndelinga^{xxii}, med inngangssdøra på langveggen ved den innvendige delingsveggen^{xxiii}.

Innredningen er også tradisjonell. Rett i mot døra finn vi nå skorsteinen, og ved gavlveggen står langbordet med hægsæte diagonalt overfor skorsteinen. Mellom døra og hægsæte står framskåpet^{xxiv}.

"Skottekista" eller "Sinclairkisten" som står i sengeklevan i Olavsstugu har og ei historie. Sagnet fortel at bøndene i Lom og Skjåk hadde med seg denne kista da dei reiste nedover dalen og skulle delta i slaget i Kringen i 1612. Men dei kom ikkje lenger enn til Rådzbakken, da snudde dei. Dei hadde onnearbeid heime, og det tykte dei var viktigare enn å vera med i krigen.




Olavstugu.

1. Högsete. 2 Framskap. 3. Peis. 4. Sengeklev. 5. Sinclairkiste. 6. Seng. 7. Vassklaev.

Stabbura og aurbuloftet.

Det er to stabbur og eit aurbuloft på Lomsgarden. Slik dei står her, tett ved kvarandre, var vanleg måte å plassere loft og stabbur på^{xxv}.



Stabbur austre.



Stabbur vestre.

Hva ble stabburene brukt til?

Austre stabburet står på stabbar^{xxvi}. Stabbura hadde ofte ei utvendig trapp som var plassert litt unna huset. Saman med stabbane skulle dette hindre at musa kom seg inn på stabburet. Stabbura var lagerhus for kornet, maten, kleda, reiskap og lausøyre som ikkje vart brukta dagleg. Frå langt attende var stabbura ofte dei einaste husa som hadde lås og nykel.

I fyrste høgda på stabburet stod bølene (kistene), kjørela og kistene som mjølet og kornet vart lagra i. Skinnhitene hekk på slinder over kombølene^{xxvii}. Her stod og gjestvonkista. Her hadde husmora rumbrød (rømmebrød), avletto, skrivarbrød og liknande kaker, som vart kalla gjestvon, biteti. Gjestvona var framme berre i høgtidene og når det kom framandfolk til gards.



Korn-/melkiste. Vestre stabbur. LBY 0786

Andre høgda vart og brukt som lager til matvarene som skulle ligge eller hengje tørt. Det stod eit bord midt etter golvet, og der låg dei ulike slaga med brød.

Kjøtet vart salta og hengt til turking på stabburet. Spekematen vart hengt opp under takåsane. Kjøtmaten kunne hengje i fleire år. Folk var redde for å bli matlause, og måtte støtt ha lager av mat^{xxviii}.

Hva ble Aurbua brukt til?



Aurbuen Lom BM

Aurbua under aurbuloftet (i 2 etasjer) er av gråstein. Det var vanlig med dobbeltmur med jord imellom, slik rommet ble holdt kjølig på sommeren og frostfritt på vinteren.

Aurbua vart brukt til lager for mat som skulle stå kjøleg og ha råme (fuktig luft). Mjølka, rømmen, osten og smøret vart lagra her. For å få rett temperatur og fuktighet har aurbua jordgolv. Det vart skvetta vatn på golvet, både for å halde det hardt og for å halde rett råme i bua. Jorda som vart brukt var grusjord. Auren vart hard når det var råme i han, og jordgolvet kunne derfor sopast og haldast rein utan at det støvast.

Loftet over aurbuen vart brukt til klebu. Her hekk staskle 'a og sengjekle 'a på slinder. I kistene låg lintyet og andre ting dei tok fram berre i spesielle høve. Loftet kunne og bli brukt som rullestugu. Om sommaren vart loftet ofte brukt som sengjerom.

Stallen.

Truleg frå sist på 1700-talet. Stallen er og frå øvre Glømsdal. Han var først flytt åt skuleområdet på Loar og brukt som toalett for skuleelevarne og dei kommunetilsette. I 1960 vart stallen flytt åt Presthaugen. Stallen vart freda i 1923.



Stallen hadde før spilltåg åt seks hestar. Andre høgda er eit vanleg fortrev (høloft) med plass til turrforet som hestane trong. Foret åt hestane var lagra for seg sjølv når stallen hadde trev, da slapp dei å bera høyet langt. Men ein annan og vel så viktig grunn var at hestane alltid gikk foran de andre

dyr, når det var mangel på fôr på vinteren. Det har vore sagt at det hende budeia sneik seg til å ta høy på stalltrevet når det var vårknipe i fjoset.

Stellet av hestane var alltid kararbeid. Det var som oftast mannen sjølv, eller ein tenestkar han leit godt på, som hadde stellet i stallen.

Uttunet på Lomgarden

Fenadfjøset

Frå omkring 1820. Kjem frå uppigard Garmo i Garmo. Det var eit av dei fyrste fjosa i bygda som hadde on 'fjas (gjødselkjellar), men det er sett opp att i museet utan dette. Det er ei dør på kvar gavlvegg, og dei er så breie at ein kunne køyre gjennom fjoset med vasssleda. Båsbolkane var av skifer frå Vågå.




Lange hus var delte i gjylmingar, det vart lafta inn delingsvegger. Det har vore fire gjylmingar på fjoset. Da det vart flytt åt museet var det berre trefjerdedeler av det som kunne setjast opp att, så slik det står i dag er det tre gjylmingar.

Fenadfjaset (kufjoset) var bygt slik at det var plass til ei båsrekke ved kvar langvegg. Kua fekk foret rett i båsen. Golvet i båsen hadde fell (tregolv). Før det vart vanleg å leggje tregolv låg kua på tofta (jordgolvet). Bak kvar båsrekke var det skamfell. Der var golvet senka nokre centimeter slik at møkk

og lann ikkje skulle renna utover golvet. Møkka vart spadd ut av fjoset gjennom gluggar i veggjen, eller gjennom døra. Slike fjos er i bruk på fleire setrar den dag i dag.

Kua var bunde i båsen med hesband. Ho hadde ein klåvå rundt halsen, og mellom klåvå'n og hesbandet var det brukt viuspenningar.



Hesband og klåvå



Halsbånd/Hesband. LBY 182.



Klåve. LBY 460

Foring på vinteren.

Det var viktig å vinterfore så mange dyr som mogleg, slik at produksjonen vart stor om sommaren når fjellbeitet kunne nyttast. For å drygje høyet vart det brukt vefor (tilleggsfor). I tillegg til måså, lauv, ris og bar fekk kyrne halmesyrpe og agne bløytt i vatn. Halmen vart hakka i skjerostokken.

Men sjølv med bruk av ve'for hende det at det vart lite mat å kyrne utover våren. Det har vorte fortalt at det var kyr som var sa sveltefora at dei ikkje greidde å setja føtene under seg når dei skulle ut på beite om våren. Slike kyr vart kalla reiskyr.

Hvem gjorde arbeidet i fjoset?

Fjosstellet var kvinnfolkarbeid. På større gardar hadde dei oftast leigd budeie, aktar. Andre plassar var det kjerringje sjølv som var i fjoset. I somme fjos var det ein hjell (et halvloft) som budeia og andre tenestfolk låg på .

Alt som kua hadde i seg måtte som oftast berast inn i fjoset, vann, høy. Dyra fekk vatn to gonger for dagen, i alt ca 35 liter. Høyet vart bore frå lyu'n, det vart vandla^{xxix} åt kvar ku. Seinare kom aktarkorga i bruk. Det var eit tungt arbeid når syrpekakkane^{xxx} skulle berast rundt, ein kakk åt kvar ku.



Kalvkakk(stave). LBY 612

Småkrytyrfjoset og grishus^{xxxi}.

Låven

Frå først på 1800-talet. Kjem frå Perstugu i Vågå. Låvbru innpå truskargolv. Låven har tre gjylmingar (=rom). På kvar side av truskargolv er det eit rom som ligg noko lågare. Nemningar som vart brukta på desse golva er logolv, forgoll. Opninga mellom truskargolv og logolova vart kalla bålkehollet



Låven Lom BM

I låven vart loe (kornbanda) lagra før den vart truska. Høyet kunne og oppbevarast her, men som oftast hadde garden eige forlyu. Men det låg alltid noko høy under loa. Dette var våronnfor. Truskinga gjekk for seg på truskargolv. Golvplankane måtte leggjast slik at golvet vart tett, så ikkje kom gjekk til spille. Halmen etter truskinga vart kasta uti forgolv. Under truskargolvet kunne det vera agnehus.

Eldhuset



Truleg frå 1800-talet. Kjem frå Perstugu i Vågå.

Eldhuset vart brukt å båking, ølbryggjing og elles alt slabbearbeid, slik som klevask og slakting. Eldhuset kan samanliknast med eit grovkjøken eller vaskerom i husa som blir bygde i dag. I eldhuset var det og vanleg at det stod koppar og kar som var i dagleg bruk. Fast inventar i eldhuset var baksfjøla og baksthella^{xxxii}.


Eldhuset vart brukt i ystinga og. Men meste ystinga gjekk for seg på setra om sommaren. Både når det vart ysta, kokt såpe og når det var bruk for mykje varmt vatn i slaktinga, klevaskinga og husvasken vart baksthella teke av ringen og ystpanna vart sett på.



YSTEPANNE LBY 0990.



BAKSTHELLE. LBY 0583



Ysting. Foto Folkemuseet.

Tørstugu

Truleg frå slutten av 1700-talet. Kjem frå Graffer i Garmo. Tvhøg tømra stugu med sval i reisverk. På bæb langsidene er det skjellar (hjellar) (halvloft/hyller) til å leggje komet på. Omnen står midt på golvet. Da stugu stod på Grafffer var det pipe frå tørstuguomnen, derfor er det ikkje sota inne. Omnen som står der i dag er ein røykommn som er kome frå Blakar. Slik tørstugu står i dag manglar det ei vandring frå bakken og opp åt svala i andre høgda. Her vart komhitene frakta opp på skjellane. Vandringa høyrer til på vestre veggen.




TØRRSTUGU

Før kornet kunne malast måtte det turkast. Det vart lagt utover på skjellane i tørstugu, og det vart fyra i omnen. Det kunne bli opptil 70-80 varmegrader inne her. Komet skulle innehade berre om lag 15% vatn. Under turkinga braut dei komet, dei rørte i det med ein lang trespade med hol i bladet.

Sjølv om kaku (vanleg omnsbrød) ikkje var så mykje brukt før, vart det båkå åt høgtidene. Før vedkomfyren kom i bruk fra slutten av 1800-tallet, vart tørstuguomnen brukt til å steikje kaku i. Når omnen var varm nok, vart glørne og oska teke ut, og kaku sett inn til steikjings.

Smiu

Truleg frå tidleg på 1800-talet. Kjem frå Sygard Aukrust i Lom. Smiubelgen som er i smiu 'n kjem frå Blakar.



Smiu var eit umissande hus på ein gard, så mest kvar gard hadde si eige smiu. I smiu'n vart det meste av reiskapen som var i bruk på garden vølt. Om reiskapen var sliti vart han ikkje kasta, slik vi gjer nå. Dei vølte og lappa på han så lenge det var råd. Det var og vanleg at hemper, krokar, spikar og andre ting det var bruk for vart laga heime i gardssmiu 'n. Mange hadde handlag for å gjere reiskapen dei hadde bruk for sjølve. Elles var det bygdasmedar som tok på seg arbeid, eller dei for rundt i gardane og smidde.

Kvernhuset

Frå 1700-tallet, Lia i Lom. Kvernhuset har fullt utstyr.

Dei fleste gardane hadde tilgang til ei bekkekvern. Kverna måtte stå ved ein stridt rennande bekk eller ei elv. Alt mjølet som garden hadde bruk for vart male på gardskverna. Det hende vel at kvernhusa stod ved bekkar som hadde stor nok vassføring berre i flomtida, så alt kornet måtte malast ein eller to gonger i året.

Hvor kommer kvernsteinen fra?

I Tolstadkvernberget på Lalm i Vågå var det truleg brote kvernstein i mange hundre år. Frå brotet her vart det levert stein til heile Austlandet, ja heilt til Nederland og Belgia. Det var full drift der til 1870-åra, da tok kvernstein frå Selbu over marknaden.

ⁱ Foreliggende Guidemanus er en nyredigering med ny foto og fotnoter av tesktheftet: "Det gamle bondesamfunnet. Den gamle garden." kap. Lomsgarden, Torild Enersvold, 1993.

ⁱⁱ Intunet ble også kalt gardsplassen eller uti garde og uttunet nautgarden. "Gard" tyder eit inngjerda, avstengt stykke.

ⁱⁱⁱ Lomsgarden i presthaugen mangler både småkrytyrfjos, grishus, jorlyu og ikkje minst ein storlåve, som fantes på enhver gard tildligere.

^{iv} Beslaget er smidd av Ola Rasmussen Okrust (Aukrust). Han var byggmeister da huset vart sett opp på øvre Glømsdal av Rasmus Jonson Glømsdal.

^v Muren her er mura opp av stein frå brukara etter den gamle bruva over Prestfossen.

^{vi} **Laft**, lafteverk, veggkonstruksjon av liggende tømmer, der stokkene legges med rot- og toppenden vekselvis til hver sin side og holdes på plass ved sammenføyning i hushjørner og eventuelt ved tversgående vegger.

Metoden for å felle stokkene inn på hverandre (laftet, novet) har utviklet seg gjennom tiden og kan variere fra distrikt til distrikt med hensyn til navn og utførelsесmåte (vagenov, kvarkenov, kinnanov, kamnov, sinknov, kuntnov). Et godt nov skal gi god sammenbinding av stokkene, forbli mest mulig tett selv om trevirket krymper både i høyde og tykkelse, og skal kunne utføres av laftehuggeren med bare øks, huggjern og sag.

Utviklingen. Byggemåten med lafting er kjent helt tilbake til oldtiden, og det finnes bevart laftehus fra tidlig middelalder (1200-tallet).. I vikingtiden avløste etter hvert lafteteknikken den eldre byggemåten med stavverk i vanlig husbygging. Lafting ble den dominerende byggemåten i Norge gjennom middelalderen og frem til slutten av 1800-tallet.

(<http://snl.no/laft>)

^{vii} Malmfur er en betegnelse på furu som har hatt sein (tett) vekst og derfor har stor malmandel (andel kjerneved). Selve «malmingen» skjer ved at harpiksen i treeet stopper til porene i midten av treeet slik at det dannes en mørk kjerne som forsterker furua. Malmfur er naturlig impregnert og derfor meget varig, selv på værutsatte steder.

(<http://no.wikipedia.org/wiki/Malmfur>)

^{viii} Vor langsom veksten ble fikk vi anskueliggjort da Museet skulle ta treprøver fra Storstabburet for å få analysert treeets alder ved en såkalt "årringsanalayse". Her var det umulig å avlese en del av prøvene fordi åringene var så smale, lå så tett at de var umulige å måle.

^{ix} Ivar Glimsdal fortel at det vart teke bort ein del av bordet, som før var 7 m og no 5,5 m, for å få plass til ei seng

^x Stuguskåpet, stuguklokka, langbordet og skorsteinen følgde med stugu frå Glømsdal

^{xi} I Lom har det vore brote kleber i Visdalalen. Brotet, som ligg der Grjota renn ut i Visa, var i drift i alle fall i mellomalderen.

^{xii} . Utskjeringane på glasspostane og over glasa er kopier skore av Reidar Nyrnes ein gong først på 1940-talet. Originalane, som vi ikke har datering på, er på det nåværende Glømsdal.

^{xiii} Melkar. LBY 21 og 52.

^{xiv} På uppigard Garmo var det ferdavile, og dit kom den ein vedkomfyri 1870-åra. Presten var ofte den første til å ta i bruk nye ting som korn. Presten Julius Aars, som var i Lom frå 1851 - 1862, skaffa ein "Kornfur" til prestgarden medan han var der.

^{xv} Nokre husstandar på Bergom (frå sygard Andvord, helseheimen, prestgarden, skulen, til Fossheir og oppover til øy) hadde elektrisitet tilljos frå eit privat kraftverk i Prestfossen fra først i 1920'erne.

^{xvi} <http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Bilde:Separator.jpg>

Separator – meierifag, maskin (sentrifuge) som ved sentrifugalkraft skiller fløten fra melk, vann fra olje (eller omvendt), suspenderte faste stoffer fra væsker osv. Den bestanddel som har minst densitet (f.eks. fettet i melk), vil i en centrifuge vandre inn mot aksen, mens de tyngre bestanddeler (skummetmelken) vandrer ut mot periferien.

(<http://snl.no/separator/meierifag>) ([http://snl.no/bilde/separator_\(prinsipptegning\)](http://snl.no/bilde/separator_(prinsipptegning)))

^{xvii} Eg vart så godt motteke at eg vart bede på vetlikleva 'n.

^{xviii} Kommentar fra Maihaugen i forbindelse med årringanalysen av Olavsstugu 2007: "I St. Olavssstugu var det ikke mulig å finne barkkant. Vi har derfor ikke noen eksakt datering av tømmeret, men en nedre avgrensing av fellingsår. Prøvene tyder på at alt tømmeret er felt etter 1607. Det er likevel rimelig å anta at årringen som ble datert til 1607 var en av de ytterste på stokken, og at felling ikke var mange årene etter. Vi kan dermed klart anta at huset er bygd før 1650". (Brev fra maihaugen vedr. de dendrokronologiske analyseresultatene 2007. Journ.nr: 090/07/520. U:Søren\Musene\Bygninger\Olavsstugu\Storstabbur\Årringanalyse_Storstabbur_Olavst.Brev fr Maihaugen.docx)

^{xix} Vi finn årstalet 1759 på mønsås stokken i stugu, som *man tidligere har trodd var byggjeåret*. Jf. note over er dette dog ikke korrekt.

^{xx} Ifølge sagnet skal St. Olav i 1021-tallet ha overnattet i Olavsstugu, da han var på krisningsferd.

Olav Haraldsson, også kalt Olav den hellige eller Olav digre, død 1030 i slaget på Stiklestad, var norsk konge fra omkring 1015 til 1028. Etter sin død ble Olav opphøyet til helgen. Han var den viktigste norske helgenen i katolsk tid, og

mange sagn og under er knyttet til ham. Myten regner han som den kongen som kristnet Norge, Han ble beskytter av lov og rett, Norges store kongehelgen.

Bare et år etter sin død ble Olav lyst hellig av sin biskop, Grimkjell. Allerede på 1100-tallet var graven hans i Nidaros et yndet pilgrimsmål, og han beholdt sin sterke stilling til og med etter reformasjonen. Han ble helgenkåret av pave Aleksander III i 1164.

1537 betyddet slutten på det offisielle Norges dyrking av Hellig Olav, men i folketradisjonen holdt han stand. Utallige steder i Norge har navn etter Olav, og i de traktene som han ferdedes finnes det for eksempel mange kilder, hellige steiner og lovekirker som minner om hans status. Olsokfeiring har holdt stand mange steder.

Svært ofte handler tradisjonen om at Hellig-Olav har dratt forbi over akkurat den-og-den veien, gården eller fjellet (på Vestlandet, der tradisjonen er sterkt til stede i fiskere og reisendes merker langs kysten, dreier det seg rimeligvis om at Olav kom forbi med båt på vei til Danmark). (http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/St._Olav)

^{xxi} Det var på grunn av sagnet om St. Olav at Torekveen fattet interesse for huset. Årringsanalysene i 2007 viste dog at huset ikke var bygd på den tiden St. Olav levde.

^{xxii} En **akerhusisk stue** er en trehusstype med to eller tre rom og inngang på langsiden. Døren leder inn i en stue eller oppholdsrom, og fra denne kommer man inn i kammerset og eventuelt et annet rom. Typen fikk sitt navn av Eilert Sundt fordi den var vanlig i Akershus stiftamt, som i tillegg til dagens Akershus også omfattet Østfold, Hedmark og Oppland. Mange slike stuer fikk senere påbygg i form av et bislag, og etterhvert ble det også vanlig å bygge en svalgang langs husets langside, mens selve stuene var tømret kunne påbyggene ofte være i bindingsverk. (http://www.lokalhistoriewiki.no/index.php/Akershusisk_stue)

^{xxiii} Inngangsdøra har tidligere vore i det rommet som nå er vassskleva

^{xxiv} Blandstampbenken stod før innafor døra på andre sida, men er nå flyttet til Glømsdalsstugu. Handklekastet var før plassert mellom klevadørene, men er tatt bort til reparasjon.

^{xxv} Vestre stabburet: Frå tidl eg på 1700-talet. Flytt frå Bø i Lom. Austre stabburet: Frå tidl eg på 1700-talet. Kjem frå søre Hosar i Skjåk.

^{xxvi} Ei anna nemning på desse husa var kjøynnbu (kornbu).

^{xxvii} Kjørela til ølbryggjinga, meiskekaret og bryggjestetta, stod som oftast her når dei ikkje var i bruk

^{xxviii} Det vart sagt at gamlaste kjøtmaten var drugast. Og det var sikkert ein sann påstand, for gamal kjøtmat blir som ofiast harsk og vond på smak.

^{xxix} Vandle: lage et bunt av hø, halm. Buntet kalles en "vandul", en passende mengde hø med et halmbånd omkring. Et bunt skulle svare til 1 måltid for 1 ko.

^{xxx} Syrpe: før laget av en blanding av oppskåret tørr halm og vann. Gitt til kyrne på vinteren som ersetningsfør. Der man hadde ovn og pipe i fjoset, noe som var vanlig, varmet man vannet til sørpen når det var vinter og kaldt.

^{xxxi} Småkrytyrfoset manglar på Lomsgarden. Det var vanleg at dette var hus med eit rom. Småkrytyrfoset hadde ikkje båsar eller on'fjos, heller ikkje tregolv. Men dei hadde brikjer (krubber) som ein la maten i. Sau og geit gjekk laust i fjoset på teille (talle). Teillen vart teke ut om våren. I geitfjoset var det ofte ein skjell (hjell) som geitene brukte å ligge på. Mange gardar hadde grishus og.

^{xxxii} Baksthella (lby 0583) som er anført å være i ildhuset vart gjeve av Hans Wiker. Ho er etter bestemor hans, Torø Hansdotter Blakarsmoen, f. 1834, og gift med Ola P. Wiker. Hella vart støypt innpå Meadalen av myrmalm som vart funne der. Baksthelle er det samme som en "takke" = en stor, tykk jernplate eller helle, som brukes til å steke flatbrød på.